

---

**Fra:** Andreas Ask <Andreas.Ask@hfk.no>  
**Sendt:** torsdag 10. januar 2019 08.56  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Kopi:** Else-Marie Brobakke Aarø; Anne Mette Nesje Porten; Lisbeth.Marie.Aasebo@askoy.kommune.no; Stine Emilie Konradsen; Helge Dyrkolbotn; finn.markussen@bergen.kommune.no; Annette.Servan@bergen.kommune.no; Anne-Beth Njærheim; lisbeth.bygstad.celik@eidfjord.kommune.no; hilde.hoyland@etne.kommune.no; Heinz Diehl; anjo@fitjar.kommune.no; jeanett.nesse@fjell.kommune.no; anne-lise.aaseng@fusa.kommune.no; magnhild.gronningsater@granvin.kommune.no; maren-espedal.miille@jondal.kommune.no; Kari Sæle; Terese Folgerø; reikju@kvam.kommune.no; kristian.helgesen@kvinnherad.kommune.no; Helga Irene Ellingsen; Tord A Lappen Moltumyr; Eva Stamnes; gunnvor.s.medhus@odda.kommune.no; jvaa@os-ho.kommune.no; aitj@os-ho.kommune.no; Viviann Kjøpstad; Olaf Michal Hella; meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no; tove.agdestein@stord.kommune.no; laila.klemetsaune@sund.kommune.no; petter.steen@sveio.kommune.no; Vibeke Stoltz; sigrid.dagestad@ullensvang.herad.no; kristin.liset@ulvik.kommune.no; Silje-Iren N Olsen; Nils.F.Kvamme@voss.kommune.no; bgu@oygarden.kommune.no; Lena.Garnes@fjell.kommune.no  
**Emne:** Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane 2019 – utlysing av midlar

### **Til kommunane i Hordaland - Utllysing av midlar for tilskot til folkehelsearbeid i kommunane 2019.**

På kopi: Folkehelsekontaktar i kommunane.

Hordaland fylkeskommune vil med dette informere om at tilskotsordninga for folkehelsearbeid i kommunane også i 2019 har fått tildelt budsjettmidlar frå Hordaland fylkeskommune. Til fordeling i år er det sett av totalt kr 3 290 000,- som bidrag for å vidareutvikle det systematiske, tverrsektorielle og langsiktige folkehelsearbeidet i kommunane i Hordaland.

Tilskotsmidlane skal utbetalast årleg etter søknad. Målgruppa er alle kommunane i Hordaland.

#### **Frist for søknad: 01. mars**

Vi ber om at søknadsarbeidet vert koordinert, då vi berre kan gje tilskot til ein søknad frå kvar kommune.

Vilkåra for å søkje midlar i 2019 er likelydande med utlysinga i 2018. Satsane for tilskot er vedteke i fylkesutvalet PS 20/2017 den 26.01.2017:

*«Ordninga med tilskotsmidlar etter innbyggjartal vert vidareført i perioden. Kommunar over 10.000 innbyggjarar kan få kr 145.000 pr. år i tilskot, kommunar mellom kr 5.000 og kr 10.000 innbyggjarar kan få kr*

*95.000 og kommunar under 5.000 innbyggjarar kr 70.000. pr. år i tilskot. Bergen kommune kan få kr 250 000*

*i tilskot. Årlege tilskot vert gjeve etter søknad.»*

**Nytt søknadsskjema:**

Som tidlegare år skal søkjarportalen i regionalforvaltning nyttast. Link til søkjarportal kjem fram i utlysingstekst for ordninga. Nytt i år er endringar i utfyllinga av søknadsskjema. Vi håpar det vil gjere det enklare å fylle ut.

Til søknadsprosessen er det laga ei rettleiar i håp om at dette vil vere enklare.

Link under viser ein rettleiar for korleis ein søknad kan fyllast ut:

[https://docs.google.com/document/d/1GRS4\\_g\\_Rj7Kr4uADJtxSa1Xc2S4wQWbom9qnb3Pu3ZA/edit](https://docs.google.com/document/d/1GRS4_g_Rj7Kr4uADJtxSa1Xc2S4wQWbom9qnb3Pu3ZA/edit)

Ta kontakt om det er noko uklart.

Tilskotsmidlane er kunngjort på Hordaland fylkeskommune sine heimesider den 10.01 Her kjem også krav til søknad og vilkåra for tildeling fram.

<https://www.hordaland.no/nn-NO/folkehelse/tilskot/>

**Merknad:**

Frå 2020 blir Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane Vestland fylkeskommune. På grunn av samanslåinga skal tilskotsordninga vurderast.

Kontaktpersonar i Hordaland fylkeskommune er:

- Else-Marie Brobakke Aarø, [else-marie.aaro@hfk.no](mailto:else-marie.aaro@hfk.no), mob. 924 797 90
- Anne Mette Nesje Porten, [anne.mette.nesje.porten@hfk.no](mailto:anne.mette.nesje.porten@hfk.no), mob. 996 425 77
- Andreas Ask, [andreas.ask@hfk.no](mailto:andreas.ask@hfk.no), mob. 452 03 946

Venleg helsing

**Andreas Ask**

Folkehelserådgjevar

Regionalavdelinga | seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling



Mob: 452 03 946

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)